



Kommuneplanen – arealdel 2015-2030

Konsekvensutgreiingar (KU) inndelt etter

geografiske område

01. Ålvik

Tilrådding	Kart-kode	Kart-kode (T)	Område (stikkord)
Tilrådd	Ak22	Akvakultur	Djupevik
Tilrådd	AK25	Akvakultur	Kjeaskorberg-Alsaker
Tilrådd	AK25	Akvakultur	Kjeaskorberg-Linga
Tilrådd	AK26	Akvakultur	Tveitnes
Tilrådd	B121	Bustad	Smogsleite-ved-Messen
Tilrådd	SBU18	Spreidd bustad	Tveitnes-Varden
Delvis tilrådd		Samferdsleanlegg	Damvegen
Ikkje tilrådd		Bustad	Sjukestova
Ikkje tilrådd		Bustad	Tyrvedalen

Områdenavn: AK 22	Akvakultur - Ålvik	Gnr/bnr:	
Journalpost innspel:	Dokument 16/6551 - KOMMUNEPLANEN KVAM AREALDELEN oppdatering - Kvam herad		
Noverande planstatus:	FFNF-område, fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde. På land, landbruk-, natur-, og friluftsområde- LNF-område.		
Områdeskildring:	Det er lokalisert oppdrettsanlegg i Djupevik i dag. Området der anlegget er lokalisert, ligg vest for Ytre Ålvik. Førslått nytt areal er på om lag 217 daa (inklusive tidlegare dispensasjon) Området på land er om lag 4,5 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Akvakultur og næring.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no innafor området. Ovanfor Fv-7 er det i naturbase.no registrert viktige naturtypar, edellauvskog. Einskildartar er også registrert ovanfor Fv-7. Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva. Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvamoppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvam.	M	-2
	Jord- og skogressursar	På land er området definert som, skog av svært høg bonitet.	S	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne i, eller rundt i området.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Registrert breie fjordløp og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Småbåttrafikk i området.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg og anlegg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K4
			Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg innafør område for aktsemdskart for snø og steinskred. Potensiell fare for ras, som må kartleggjast nærmare i reguleringsplan. Gjeld området på land. Føreligg skredrapportar for området.	L&H : S3/K3
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Eit område opp i mot fylkesvegen ligg i gul sone, dvs meir enn 55 dB, Dette må gjerast tiltak i der støytiltak må vurderast, i høve til evt kontor og andre støyfølsame bygg i samband med utbygging/regulering av området.	L&H : S4/K3
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Ulukker i samband med føring, reparasjon og vedlikehald av anlegget. Trafikkulukker		L&H : S2/K3
			M: S2/K3
			Ø&P: S2/K3
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga estetikk, ureining,	Få konflikter i høve til samlokalisering.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1

	naturverdier og fritid.	Ø&P: S2/K1
--	-------------------------	------------

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

For lokaliteten i Djupevik er det snakk om utviding av eksisterande lokaliteten. Lokaliteten er ein god lokalitet for oppdrett. Utvidinga er i samsvar med arealstrategi nr 23 og 24 for akvakultur. Utvidinga vil vera med å styrka næringsliv og sysselsetjing i kommunen.

Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringer skal lokaliseras i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Lokaliseringa er samsvarar med arealstrategi nr 17 om at nye næringsareal skal leggjast utanfor sentrum, og då langs med Fv-7, Fv-49 eller Fv-48. Stadbundne næringer kan lokaliseras der dei naturleg høyrer til.



Ekstremvær på fjorden kan vera ei utfordring, men er ikkje større her, enn for andre lokalitetar i fjorden.

Området på land ligg innafor aktsemdskart for snø- og steinskred. Området på land kjem ikkje direkte i konflikt med dei registrerte naturverdiane på land.

Rådmannen tilrår etablering av næringsareal på land og utviding på sjøen. På land må det gjennomførast grundigare kartlegging i høve til ras før det kan etablerast bygg mm innafor det føreslåtte området.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)




Områdenavn: AK 25	Akvakultur -Ålvik	Gnr/bnr:	
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2015017397&		
Noverande planstatus:	Området nærast i mot land er framtidig akvakulturområde. Mesteparten er noverande FFNF- område. Fiske-, ferdslе-, natur og friluftsområde.		
Områdeskildring:	Området ligg i Ålvik, i mellom Ålvik sentrum og Kjepsohøgda. I eit område som ikkje er nytta til oppdrett i dag.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig akvakulturområde.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			



		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i fjorden i naturbase.no eller artsdatabanken.no. Uranes naturreservat (edellauvskog) på land. Område for brisling er registrert like ved. Kan verta det inste anlegget i Hardangerfjorden. Moglege konflikhtar med villfisk i elvane inst i Hardangerfjorden. Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva. Lokaliteten ligg i utvandingsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvam.	M	-2
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Småbåttrafikk i området. . Badeplass om lag 800 m i frå akvakulturområde.	M	-2
	Funksjonell strandsone			

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K4
			Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum			L&H :
			M:
			Ø&P:
Ureining og støy	Støy i frå drift av anlegget kan førekomma. Ureining frå for og ev andre utslepp kan førekomma.		L&H : S4/K3
			M: S4/K2
			Ø&P: S4/K1
Radon			L&H :
			M:
			Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Ulukker	Ulukker i samband med føring, reoperasjon og vedlikehald av anlegget.		L&H : S2/K3
			M: S2/K3
			Ø&P: S2/K3
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga. estetikk, ureining, naturverdiar og fritid.	Relativt kort avstand til busetnad på land	L&H : S4/K2
			M: S4/K2
			Ø&P: S4/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>For lokaliteten ved Kjeaskorberget er det snakk om utviding/ending av område som tidlegare har vore føreslått til framtidig akvakulturområde i kommuneplanen sin arealdel. Lokaliteten er ikkje i bruk i dag. Lokaliteten er den som ligg lengst inne i Hardangerfjorden, og det er difor ingen erfaring i høve til konflikt med villfisken i dei inste elvane. Lokaliteten er ein god lokalitet for oppdrett, og det vil vera i samsvar med arealstrategi nr 24 om lokaliteten vert trekt noko ut i frå land.</p> <p>I høve til andre verdiar på fjorden, så er det lokalt registrert få konfliktrar. På land er det derimot relativt kort avstand til fast busetnad, om lag 100 m frå den faste busetnaden og ned til fjorden.</p> <p>Når det gjeld naturmangfald og tilhøvet til rømming, så er det viktig å tenkja føre var når ein vurderer lokalitetar så langt inne i fjorden.</p> <p>Arealet som er vist som framtidig akvakulturområde langs med land, må ut av eksisterande plan, om det nye akvakulturområdet skal inn planen.</p> <p>Lokaliteten er tatt med i den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger.</p> <p>Med bakgrunn i at lokaliteten no vert i samsvar med Kvam herad sin strategi for lokalisering av akvakulturanlegg, og at den er tatt inn i den regionale kystsoneplanen for Hardanger og Sunnhordland, så vil rådmannen tilrå den nye lokaliseringa.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn: AK 25	Akvakultur -Ålvik	Gnr/bnr:	
Journalpost innspel:	Dokument 16/6551 - KOMMUNEPLANEN KVAM AREALDELEN oppdatering - Kvam herad		
Noverande planstatus:	Området nærast i mot land er framtidig akvakulturområde. Mesteparten er noverande FFNF- område. Fiske-, ferdsle-, natur og friluftsområde.		
Områdeskildring:	Området ligg i Ålvik, i mellom Ålvik sentrum og Kjepsohøgda. I eit område som ikkje er nytta til oppdrett i dag.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig akvakulturområde.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i fjorden i naturbase.no eller artsdatabanken.no. Uranes naturreservat (edellauvskog) på land. Område for brisling er registrert like ved. Kan verta det inste anlegget i Hardangerfjorden. Moglege konflikhtar med villfisk i elvane inst i Hardangerfjorden. Nærmaste anadrome vassdrag; Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva. Lokaliteten ligg i utvandingsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvam.	M	-2
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Småbåttrafikk i området. Badeplass om lag 800 m i frå akvakulturområde.	M	-2
	Funksjonell strandsone			

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K4
			Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum			L&H :
			M:
			Ø&P:
Ureining og støy	Støy i frå drift av anlegget kan førekomma. Ureining frå for og evt andre utslepp kan førekomma.		L&H : S4/K3
			M: S4/K2
			Ø&P: S4/K1
Radon			L&H :
			M:
			Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Ulukker	Ulukker i samband med føring, reoperasjon og vedlikehald av anlegget.		L&H : S2/K3
			M: S2/K3
			Ø&P: S2/K3
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga. estetikk, ureining, naturverdiar og fritid.	Relativt kort avstand til busetnad på land	L&H : S4/K2
			M: S4/K2
			Ø&P: S4/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>

For lokaliteten ved Kjeaskorberget er det snakk om utviding/ending av område som tidlegare har vore føreslått til framtidig akvakulturområde i kommuneplanen sin arealdel. Lokaliteten er ikkje i bruk i dag. Lokaliteten er den som ligg lengst inne i Hardangerfjorden, og det er difor ingen erfaring i høve til konflikt med villfisken i dei inste elvane. Lokaliteten er ein god lokalitet for oppdrett, og det vil vera i samsvar med arealstrategi nr 24 om lokaliteten vert trekt noko ut i frå land.

I høve til andre verdiar på fjorden, så er det lokalt registrert få konflikter. På land er det derimot relativt kort avstand til fast busetnad, om lag 100 m frå den faste busetnaden og ned til fjorden.


Når det gjeld naturmangfald og tilhøvet til rømming, så er det viktig å tenkja føre var når ein vurderer lokalitetar så langt inne i fjorden.



Arealet som er vist som framtidig akvakulturområde langs med land, må ut av eksisterande plan, om det nye akvakulturområdet skal inn planen.

Lokaliteten er tatt med i den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Med bakgrunn i at lokaliteten no vert i samsvar med Kvam herad sin strategi for lokalisering av akvakulturanlegg, og at den er tatt inn i den regionale kystsoneplanen for Hardanger og Sunnhordland, så vil **rådmannen tilrå** den nye lokaliseringa.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn: AK 26	Gnr/bnr:
Journalpost innspel:	Dokument 16/6551 - KOMMUNEPLANEN KVAM AREALDELEN oppdatering - Kvam herad
Noverande planstatus:	FFNF-område, fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde
Områdeskildring:	Det er lokalisert oppdrettsanlegg ved Tveitnes i dag. Området der anlegget er lokalisert, ligg aust for Ytre Ålvik. Utvida område utgjer om lag 150 daa.
Innspel til ny arealbruk:	Akvakultur. Ynskjer også oppankringssone 2 km i frå grensene.
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd
Kart over innspel:	
Flyfoto over innspel:	

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no innanfor området Ovanfor Fv-7 er det i naturbase.no registrert viktige naturtypar, som rik edellauvskog. Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva og Tørvikelva. Lokaliteten ligg i utvandringsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvam.	M	-2
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne i, eller rundt i området.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Registrert breie fjordløp og opne fjordmunningar.	M	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Småbåttrafikk i området.	L	-1
	Funksjonell strandsone	På land innanfor den føreslåtte oppdrettslokaliteten, så er området innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	S	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse	
			Vurdering jf. akseptkriteria	
Ekstremvêr	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvêr»	Skade på bygg og anlegg kan førekoma. Utsett i	L&H :	S5/K1
			M:	S5/K4

	med vind og store nedbørsmengder.	høve til austavind.	Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum			L&H :
			M:
			Ø&P:
Ureining og støy	Støy i frå drift av anlegget kan førekomma. Ureining frå for og ev. andre utslepp kan førekomma.		L&H : S3/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1
Radon			L&H :
			M:
			Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Ulukker	Ulukker i samband med føring, reoperasjon og vedlikehald av anlegget.		L&H : S2/K3
			M: S2/K3
			Ø&P: S2/K3
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga. estetikk, ureining, naturverdiar og fritid.	Få konflikatar i høve til samlokalisering. Ligg nær opp til busetnad på Tveitnes.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

For lokaliteten ved Tveitnes er det snakk om utviding av eksisterande lokaliteten. Lokaliteten er ein god lokalitet for oppdrett. Utvidinga er i samsvar med arealstrategi nr 23 og 24 for akvakultur. Utvidinga vil vera med å styrka næringsliv og sysselsetjing i kommunen.



Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Lokaliseringa samsvarar med arealstrategi nr 17 om at nye næringsareal skal leggjast utanfor sentrum, og då langs med Fv-7, Fv-49 eller Fv-48. Stadbundne næringar kan lokaliserast der dei naturleg høyrer til.

Ekstremvær på fjorden kan vera ei utfordring, men er ikkje større her, enn for andre lokalitetar i fjorden.

Rådmannen **tilrår** utviding av lokaliteten på Tveitnes, avstand til busetnad på Tveitneset kan vera konfliktfylt. Omsynssonar i høve til oppankring vert vurdert på generelt grunnlag i høve til akvakultur.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn: B121	Ålvik -bustad	Gnr/bnr:	77/1
Journalpost innspel:	Arbeidsmøte i formannskapet og planutvalet den 07.03.2016 Fiktivt journalnr. 88/80001-03 (FSK)		
Noverande planstatus:	I kommuneplanen er området vist som noverande industriområde. I reguleringsplan i frå		
Områdeskildring:	Området ligg midt Ålvik sentrum, like aust for butikken og andre private servicefunksjonar. Kunsthuset Messen, ligg like ved det føreslåtte området. I dag er området ubyggd, og utgjer ei «grøn lunge» på staden. Det føreslåtte området er i overkant av 2 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i arstsdatbanken.no eller i naturbase.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Vist som bebygd areal i digitalt markslagskart	L	0
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne på dette området.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsona	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvêr	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvêr» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvêr og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innfor gul sone, dvs. meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med regulering av området.	L&H : S5/K2
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som følgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Ligg langs med Fv-7, manglar delvis gang- og sykkelveg.	L&H : S4/K3
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle samlokaliseringar som her vert trekt fram.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Området ligg midt i Ålvik sentrum. I høve til arealstrategi nr 8, skal utbygginga konsentrerast innfor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både ein bustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vart bygd ny barnehage i Ålvik for om lag fem år sidan. Avstanden til barneskulen er om lag 300 m, her er det fotballbane mm i nærområdet. Tilgjenge på mellom 400 og 500 m er via snarveg. Køyreavstand er litt lengre. Barnehagen ligg omkring 600 m i frå det føreslåtte bustadområdet. Gjeld via køyreveg.. Badeplassen i Ålvik, ligg om lag 600 m i frå det føreslåtte området.

Kort veg til vatn og avlaup.


Forslaget ligg innfor 1-2 minutt gangavstand til sentrum der det mellom anna er butikk og kafé.


Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Relativt lett tilgjengeleg til turområde, gjeld mellom anna i mot Roaldsdalen.

Det er ikkje tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå det føreslåtte bustadområde, via Fv-7, til t.d. badeområdet i Tyrvefjøra. Plan er under arbeid med tanke på løysingar for mjuke trafikantar. Kort veg til snarveg til skule mm.

Området er svært godt egna for tett utnytting i samsvar med Kvam herad sine arealstrategiar. Rådmannen vil difor **tilrå** bustadbygging på det føreslåtte området.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn: SBU 18	Ytre Ålvik – Tveitnes - Varden	Gnr/bnr:	76/8
Journalpost innspel:	Kommuneplanen - arealde- tomt Ytre Ålvik 13-15203-01		
Noverande planstatus:	LNF-område		
Områdeskildring:	<p>Området ligg eksponert mot både aust, sør og vest og ligg dermed flott til ovanfor Fv7 på Teitnes i Ytre Ålvik. Området er i dag utmark med naturleg vegetasjon (open furu- og bjørkeskog). Området utgjer om lag 10 daa.</p> <p>Yte Ålvik ligg om lag 4 km vest for Ålvik. Området er prega av fruktdyrking og elles med fleire drivhus i bygda.</p>		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad og fritidsbustader		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			

Flyfoto over
innspel:




		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller i artsdatabanken.no Det meste av arealet er uproduktiv skog I eit område som ligg ca ein kilometer innafor mot Ålvik er det registrert småasal. Små-asal er på raud-lista og kjerneområdet i Norge er i Kvam.	L	-1
		Ytre Ålvik; Ingen registreringar i naturbase.no. Ei registrering av ringtrost i 2013. Livskraftig bestand.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Området er delt i mellom uproduktiv skog og skog av høg bonitet.	M	-2
		Fulldyrka jord ved Tveit, Varhaug og Kroatveit. Elles ei blanding av overflatedyrka jord og noko innmarksbeite. Også ein del skog av høg og svært høg bonitet.	S	-2
	Kulturminne / fornminne	Det er ingen registrerte kulturminne i området.	L	0
		Få registreringar av SEFRAK- bygningar i Ytre Ålvik. Ligg automatisk freda gravhaug lengst vest i grenda.	S	-1
Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Ligg ved fjorden, innan landskapsområde breie fjordløp. Området rundt er dominert av naturleg vegetasjon, med nokre små innslag av areal nytta frukt dyrking. Nokre hus, men elles småmenneskeskapte inngrep. Ytre Ålvik _er lik frukt Ligg ved fjorden, innan landskapsområde breie fjordløp. Gjeld heile bygda.	M	-1	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar på omsøkt areal. Ligg nær fjorden, med påfølgjande aktivitet. Gjeld heile bygda.	L	-1	

	Funksjonell strandsone	Nederste punktet ligg ca 100 meter frå strandlinja, men området er avskore frå strandlinja av Fv-7. ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1
		Heile oppsida av Fv-7 ligg utanfor det som Kvam herad definerer som den funksjonelle strandsonen. Mesterparten av området i mellom Fv- 7 og fjorden, er definert som ein del av den funksjonelle strandsonen.	S	-3


Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg utanfor aktsemdkart for jord- og flaumskred.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for snø&stein og jord- og flaumskred syner potensiell skredfare i Ytre Ålvik, men ikkje område som er tatt inn i planen.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S5/K3
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K3
Ulukker	Trafikkulukker langs fv.7	Manglar g/s-veg.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen kjende	L&H : S1/K1
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Området ligg ikkje innanfor senterstrukturen som er definert i arealstrategien i kommuneplanen. Området ligg relativt frå alle kommunale teneste og har ikkje gang- eller sykkelveg. Det er mellom 3-4 km til Ålvik sentrum. Området vil vera bil- og bussbasert, omtrent 40 m til nærmaste busstopp. Ligg i eit LNF-område utan jordbruksinteresser. Ligg vestvendt til med storslagen utsikt over Hardangerfjorden.</p> <p>Området ligg mellom bustadane på Tveitnes og Ytre Ålvik og med god tilknytning til Fv-7. Det er ingen offentleg infrastruktur i området.</p> <p>Forslaget om spreidd bustadbygging i Ytre Ålvik, er utvida til å gjelda større ein del enn det opphavlege forslaget. Vurderinga tek for seg ein større del av Ytre Ålvik, for å sjå på moglegheitene for spreidd bustadbygging.</p> <p>Det føreslåtte området i planen er i samsvar med arealstrategien for spreidd bustadbygging, då det ligg langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Rådmannen har fjerna framtidig bustadområde i Ytre Ålvik. Grenda er mykje meir egna til spreidd bustadbygging, noko som også vil vera i samsvar med arealstrategiane til Kvam herad. Rådmannen tilrår difor at Ytre Ålvik vert vist som tre område for framtidig spreidd bustadbygging.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



To område for framtidig spreidd bustadbygging i Yte Ålvik.

Områdenavn:	Ålvik Veg	Gnr/bnr:	77/1 m.fl
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2017014987&		
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur og friluftsliv (Inf-område). Regulert veg fram til det føreslåtte området		
Områdeskildring:	Området ligg i Ytre Ålvik i fjellsida opp i mot Bjølsegrø. Fjellsida strekkjer seg ifrå fjord til fjell. I dag er det regulert og bygd veg opp til den føreslåtte forlenginga. Vegetasjonen på staden er prega av at den ligg i eit område med relativt røft vær når ein nærmar seg Geithaug, på ca. 750 moh.		
Innspel til ny arealbruk:	Køyreveg til fjells. Lengde, om lag 1,3 km. Utgangspunkt for ny veg, ca. 600 moh, avslutning ca. 750 moh.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Delvis tilrådd.		
Kart over innspel:			

Flyfoto over innspel:



		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	I artsdatabanken.no er det registrert livskraftig fjellkrekling og livskraftig rabbesiv like ved toppen av forslaget. Ingen registreringar i naturbase.no. Kvam herad si viltkartlegging viser trekkroute for hjort i nærområdet.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Grunnlendt mark og fjell i dagen.	L	0
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunningar.	M	-3
	Friluftsliv	Registrert som utfartsområde naturbase.no. Verdi; «viktig». Namn på området; Dammen – Naglaklepp – Toppen	M	+2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.		

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum		Aktsemdskart for snø&stein og for jord- og flaumskred syner potensiell skredfare. Tilhøvet flaum og skred kartleggjast nærare før regulering.	L&H : S4/K3
			M: S4/K3
			Ø&P: S4/K3
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ulukker	Ulukker på tilkomstveg	Størst fare for utforkøyring. Svingete veg.	L&H : S2/K3
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2
Uheldig samlokalisering	«Urørt natur», opp i mot infrastruktur til fjells.	Køyreveg i eit terreng som er sårbart.	L&H : S5/K1
			M: S5/K3
			Ø&P: S5/K2



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Reguleringsplan for Damvegen vart vedtatt den 08.04.2014. Vedtaket var basert på meklingsresultatet i mellom Kvam herad og Fylkesmannen i Hordaland. Forlaget til ny trasé er ei forlenging av trasé som vart vedtatt i 2014 og ferdigbygd etter godkjent plan. Forlenginga er på om lag 1,3 km og er tenkt opp til Geithaugane. Området har vorte meir tilgjengeleg med ny veg og parkeringsplass, og bruken av området har auka.</p> <p>Trasé til Geithaug var også tema då planen vart vedtatt i 2014. Planen møtte regional motstand og det vart sett fram motsegner som ikkje vart trekt før meklinga i mellom Kvam herad og Fylkesmannen var gjennomført.</p> <p>Nytt forslag har utgangspunkt i eksisterande parkeringsplass ved Langhamrane. Traséen går vidare, på sør og austsida av Gåsatjørn, der terrenget er relativt flatt. Traséen fortset på nordsida av Gåsatjørn, der terrenget etterkvart vert brattare og endar opp på platået ved Geithaugane.</p> <p>I samband med reguleringsplanen for Damvegen i 2011, var det gjennomført konsekvensutgreiing for planområdet. I høve til landskap vart inngrepet sett på som relativt lite for heile området. I konsekvensutgreiinga vert vegen i frå Vikedal til Geithaug, sett på som «eit relativt stort inngrep med enkelte høge skjeringar og fyllingar», med liten negativ konsekvens. Når det gjeld nærmiljø og friluftsliv vert det sett på som middels positivt. Naturmiljø, her vert det peika på at, «at inngrepet er ikkje kritisk». Middels negativt. I høve til kulturminne, så vert det sett på som «middels negativt».</p> <p>I den samla konsekvensutgreiinga for arbeidet med reguleringsplan, vert det vist til at, «dette kan gje auka utnytting og meir lønsam drift av skog. Positive ringverknader for anna næring».</p> <p>Damvegen har ført til at mange har kome seg opp i eit område som tidlegare var brukt av få. I konsekvensutgreiinga som er gjennomført, er det vist til at bygginga vil føregå i eit terreng som er sårbart. Området rundt Gåsatjørn ligg i eit estetisk vakkert landskapsrom, med tjørna som midtpunktet. Området ifrå Gåsatjørn og mot Geithaug er eksponert i mot fjorden og ligg mest utsett til for vær og vind, samstundes som vegetasjonen er mest sårbar på denne strekkja.</p> <p>Ny veg har ført til auka bruk av området, og har medført at fleire har komme seg til fjells.</p>			

Området som no vert føreslått vil ha negative konsekvensar for landskapet rundt Gåsatjørn og opp i mot Geithaug. Tilhøvet til ras og flaum må også avklarast noko grundigare før ei eventuell utbygging. Gjeld primært ved Langhamrane og oppi mot Geithaug, der det potensielt kan vera fare for jord- og flaumskred.

Rådmannen vil ikkje tilrå vidare utbygging av veg i frå landskapsrommet på sørsida av Gåsatjørn og opp i mot Geithaug. Auka bruk av området har ført til større trong for parkering. Rådmannen vil tilrå at det vert lagt til rette for ny veg i frå Langhamrane og opp til flatane sør for Gåsatjørn. Rådmannen legg såleis til grunn ei **delvis tilråding**, med veg opp til flaten sør for Gåsatjørn, med moglegheiter for ny og større parkeringsplass.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn:	Bustad Ålvik	Gnr/bnr:	77/1
Journalpost innspel:	Arbeidsmøte i Kvam formannskap og i planutvalet den 07.03.2016. Fiktivt nr. 88/80001-01 (FSK)		
Noverande planstatus:	I hovudsak er dette eit landbruk,- natur og friluftsområde, LNF-område.		
Områdeskildring:	Området ligg ovanfor sentrum i Ålvik. Området er relativt bratt. Ei framtidig utbygging vil vera ei forlenging av eksisterande busetnad. Området utgjer ca 70 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig bustadområde.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Så vidt innafor område i naturbase.no ligg det eit rikt område med edellauvskog, Byrkjedalsteigen. Ei registrering i artsdatabanken.no. Koordinatpresisjon 1000. dagsett 1911. Livskraftig.	M	-1
	Jord- og skogressursar	Ein stor del er skog av svært høg bonitet. Resten er uproduktiv skog.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Ligg opp i mot område som er registrert som utfartsområde, viktig.	M	0
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K1
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare. Aktsemdskart for snø&stein syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering.	L&H : S5/K4
			M: S5/K3
			Ø&P: S5/K4
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg. Grensar til industriområde	Deler av feltet, ligg innafor gul sone, dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med regulering av området	L&H : S5/K2
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. Ein liten del heilt aust i området ligg innan faresonekart for radon.	L&H : S5/K3
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er gang og sykkelveg til sentrum, via Fv-7. Kort avstand til barnehage.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle tilhøve som tilseier uheldig samlokalisering.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: s2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Området ligg i Ålvik. I høve til arealstrategi nr 8, skal utbygginga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både ein bustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vart bygd ny barnehage i Ålvik for om lag fem år sidan. Avstanden til barneskulen er om lag 300 m, her er det fotballbane mm i nærområdet. Barnehagen ligg omkring 100 i frå det føreslåtte bustadområdet. Badeplassen i Ålvik, ligg om lag 1,3 km frå bustadområdet, finst også kortare alternativ for mjuke trafikantar.

Kort veg til vatn og avlaup.



Forslaget ligg innafor 10 min gangavstand til sentrum der det mellom anna er butikk og kafé.

Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mellom anna i mot Roaldsdalen.

Det er tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå delar av det føreslåtte bustadområde, via Fv-7 og mot sentrum.

Området ligg i kort avstand i frå både private og offentlege serviceinstitusjonar og det er gang- og sykkelveg mot sentrum, noko som gjer lokaliseringa god i høve til kommunen sine arealstrategiar. Det vert også bygd ny skule i løpet av kort tid. Heile området er derimot vist både i aktsemdskart for snø og steinskred og store delar ligg også innafor jord- og flaumskred. Rådmannen vil difor **ikkje tilrå** bustadar innafor det føreslåtte området

Framlegg til område i arealdelen (Kart)

Områdenavn:	Bustad Ålvik	Gnr/bnr:	77/3 mfl.
Journalpost innspel:	Arbeidsmøte i Kvam formannskap og i planutvalet den 07.03.2016. Fiktivt nr. 88/880001-02 (FSK)		
Noverande planstatus:	Noverande landbruk-, natur og friluftsområde, LNF-område.		
Områdeskildring:	Området er lokalisert i Ålvik, i mellom Ålvik sentrum og Lilletveit. I dag er området nytta til landbruk, og det utgjer en viktig grønststruktur i Ålvik. Det er bustadar på begge sidene av det føreslåtte området. Området er		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad. Forslag i arbeidsmøte for planutvalet og formannskapet den 07.03.2016		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Registreringar i naturbase.no og artsdatabanken.no Heile lia er rik edellauskog og , gjeld den øverste delen av området. Registert livkraftig orkidé heilt i øverste hjørne av området.	M	-2
	Jord- og skogressursar	Store delar er fulldyrka. Det øverste arealet er skog av svært høg bonitet. I området i mellom er det nokre mindre areal med innmarksbeite og uproduktiv skog.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet el. nærområde	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Utifrå kort avstand til etablert bustadområde har arealet potensiale som nærområde for leik og friluftsliv til. Arealet har potensiale som leikeområde ved snødekke.	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for snø&stein syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering.	L&H : S3/K4
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innafor gul sone, dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med regulering av området.	L&H : S5/K2
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ligg innan faresone for radon, pga mange høge målingar i nærliggjande område.	L&H : S4/K3
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Det er gang og sykkelveg til skule mm i bakkant av området. Gjeld snarvegen i frå Lilletveit. Det manglar gang- og sykkelveg langs med Fv-7. Gang- og sykkelveg er under planlegging.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Låg aktivitet på dei nærastliggjande jordbruksareala.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Området ligg i Ålvik. I høve til arealstrategi nr 8, skal utbygginga konsentrerast innafor 10 minutt gåavstand i frå sentrum. I lokalsenter kan det vera både ein bustadar og tett utnytting. Utbygging skal skje som utviding av eksisterande bustadområde.

Det er relativt kort avstand til skule og barnehage, og det vart bygd ny barnehage i Ålvik for om lag fem år sidan. Avstanden til barneskulen er om lag 300 m, her er det fotballbane mm i nærområdet. Tilgjenge på om lag 300 m er via snarvegen i frå Lilletveit. Køyreavstand er betydeleg lengre. Barnehagen ligg omkring 1,2 km i frå det føreslåtte bustadområdet. Gjeld via køyreveg. Gåavstand via snarveg i frå Lilletveit, er om lag 500 m. Badeplassen i Ålvik, ligg berre 20 m i frå det føreslåtte området.

Kort veg til vatn og avlaup.

Forslaget ligg innafor 10 min gangavstand til sentrum der det mellom anna er butikk og kafé.

Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mellom anna i mot Roaldsdalen.

Det er ikkje tilrettelagt for gang- og sykkelveg i frå det føreslåtte bustadområde, via Fv-7. Plan er under arbeid med tanke på løysingar for mjuke trafikantar. I frå snarevegen er det moglegheiter for mjuke trafikantar.

Store delar av området er jordbruksareal med høg bonitet.

Området er svært godt egna for tett utnytting i samsvar med Kvam herad sine arealstrategiar. Samstundes har området mange utfordringar, det gjeld mellom anna potensiale for ras, viktig jordbruksareal, viktige grøntstrukturar i Ålvik og noko støy i nedre del av området. Rådmannen vil difor **ikkje tilrå** bustadbygging på det føreslåtte området.